

«mottakernavn»
«adresse»
«postnr» «poststed»

«kontakt»

Dato 29.06.2022
Vår referanse 2022/66621-1
Dykkar referanse «ref»
Sakshandsamar Eva Katrine Ritland Taule
E-post Eva.Katrine.Ritland.Taule@vlfk.no
Telefon

Behov for utvida høyringsfrist for plan- og dispensasjonssaker

No når sumarferien står for døra, vil Vestland fylkeskommune minne om kommunane sitt ansvar for tilrettelegging for medverknad i planprosessar, jf. m.a. pbl. §§ 1-4, 3-2, 5-1 og 19-1. I ferietider betyr det i praksis at mellom anna høyringsfristar bør forlengast.

Kommunen har ei sjølvstendig plikt til å syte for at sakene er tilstrekkeleg utgreidd før det kan fattast vedtak. Vi viser i den samanheng òg til pbl. § 1-4, andre ledd: *«Plan- og bygningsmyndighetene skal samarbeide med andre offentlige myndigheter som har interesse i saker etter plan- og bygningsloven og innhente uttalelse i spørsmål som hører under vedkommende myndighets saksområde.»*

Utgangspunktet er at regionale sektororgan ikkje berre har rett, men òg plikt til å medverke i planprosessar, jf. pbl. § 3-2 tredje ledd. Vi legg difor til grunn at det er i planstyresmakta si interesse å sikre best mogleg medverknad frå alle aktuelle partar, slik at lova sine krav til prosess vert følgde.

Vestland fylkeskommune har mange kommunar med høgt aktivitetsnivå å følgje opp. Vi ønskjer å medverke aktivt innan alle våre ansvarsområde og gje kommunane så gode tilbakemeldingar som mogeleg. For å klare det, er ofte fleire fagpersonar involvert i høyringsprosessane, noko som medfører eit koordineringsarbeid. Då ulike personar har ferie til ulik tid, kan det vere vanskeleg å gje tilbakemelding i løpet av minimumsfristen på 6 (4/3) veker i ferietida.

Vi oppmodar difor kommunane om å **utvide uttalefristen med minst fire veker** for saker som blir lagt/sendt ut i perioden 1. juli – 12. august. I nokre høve kan det verte behov for enda meir tid. I tilfelle tek vi kontakt.

Med helsing

Synnøve Stalheim
seksjonssjef
SUD - Plan, klima og folkehelse

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar
SUD - Plan, klima og folkehelse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gløppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgate 16	5722	DALEKVAM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN

Kopi til:

INV - Forvaltning Bergensområdet

INV - Forvaltning Vestland

KII - Arealplan (Førde)

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2